

Musea i Sogn og Fjordane

Til: **Sogn og Fjordane Fylkeskommune ved kulturavdelinga**
Frå: **Musea i Sogn og Fjordane**
Dato: **25.februar 2019**

Vedk. fellesmagasin og museumsbygg

Musea i Sogn og Fjordane syner til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune dagsett 5.februar. Musea i Sogn og Fjordane syner vidare til innmeldt investeringsbehov i brev dagsett 31.august 2018. På bakgrunn av dette behovet har styret har gjort følgjande prioritering:

1. Fellesmagasin i Angedalen
2. Vernebygg til Holvikejekta
3. Oppgradering av kontor- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum
4. Kontor- og formidlingsbygg for Norsk Kvernsteinsenter

Kulturdepartementet har i brev 15.januar 2018 og 30.januar 2019 stadfesta at ei delt magasinløysing mellom «Kløften» og fellesmagasin i Angedalen (Ramstad) bør revurderast. Musea i Sogn og Fjordane meiner at å bygge om Ramstad Eskefabrikk til eit fullverdig magasin er den beste museumsfaglege og driftsøkonomisk mest rasjonelle løysinga. På museumsfagleg grunnlag kan ikkje Musea i Sogn og Fjordane støtte ei delt magasinløysing mellom «Kløften» og Ramstad. Styret ønskjer heller å få til eit samarbeid om oppgradering av kontor - og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum. Musea i Sogn og Fjordane stiller seg såleis ikkje bak ein fornya søknad til staten om midlar til å realisere «Kløften».

Styret vil også nytte høvet til å rette merksemda til dei to nota som vart sendt til fylkeskulturredaksjonen 4.februar 2019, høvesvis om overgangen til Vestland fylke og Musea i Sogn og Fjordane sitt behov for bistand fram mot 1.mars 2019.


Laura Kvamme
Styreleiar


Kjartan Aa Berge
Administrerande direktør